

Fra: Einar Aase
Sendt: torsdag 7. oktober 2021 15:15
Til: gkismul@gmail.com
Emne: Status i byggesak - gbnr 58/51
Vedlegg: Uttale - Alver - gbnr 5851 Lygren Indre - riving av tilbygg og utviding av naust - dispensasjon(447064).pdf

Hei,

Ynskjer å gje tilbakemelding på status i dykkar byggesak med saksnr. 21/5427 på gbnr.58/51.

Kommunen har vurdert byggegrensa mot sjø for utviding av naust i dette området. Vi syner til føresegn 4.5.1 i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune for byggegrense mot sjø. Denne syner både til ei regulert byggegrense i plankartet og tabell der det går fram at byggegrensa innanfor det regulerte feltet skal gå i føremålgrensa for Buskeneset.

Etter ny vurdering har vi lagt til grunn at både føremålgrensa og byggegrensa i kommuneplan sin plankart gjeld for Buskeneset. For dykkar del vil tiltak vere i samsvar med byggegrensa mot sjø.

Gjer elles merksam på at det er krav i kommuneplan om at naust ikkje overstig 40 kvadratmeter jf. føresegn 3.1.9 a). Ut frå vedlagt informasjon i saka ser det ut til at de ynskjer at naust skal ha samla BRA på 52 kvadratmeter. Slik storleik på naust vil vere i strid med kommuneplan, og vil krevje dispensasjon frå kommuneplan. Har lagt ved uttale frå statsforvaltar etter sak var på høyring. Det blir her gjeve merknadar knytt til storleik på naust sett mot føresegn 3.1.9 i kommuneplan, som de gjerne kan sjå på.

Alternativt må tiltak reduserast til 40 kvadratmeter i samsvar med kommuneplan.

Ber om ei tilbakemelding på kva de tenkjer om vidare saksgang. Ta gjerne kontakt dersom de har ytterlegare spørsmål til informasjonen her.

Sjå vedlegg

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE